

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgssenter
Dato:	15.12.2011
Tid:	12:00 JULEAVSLUTNING M/MIDDAG KL. 17:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 11/96	Underskrift	
PS 11/97	Godkjenning av protokoll	
PS 11/98	Referatsaker Open post	
PS 11/99	Gebyrsatsar for feieteneste 2012	2011/540
PS 11/100	Gebyr for renovasjon og slamtømming 2012	2011/594
PS 11/101	Gebyrregulativ for vatn og avløp 2012	2011/598
PS 11/102	Betalingssatsar for skulefritidsordninga 2012	2011/593
PS 11/103	Spelemidlar 2011 – rullering av handlingsplan i kommunestyret God helse del idrett og fysisk aktivitet	2011/589
PS 11/104	Temaplan for klima og energi Midsund kommune 2012-2017	2010/309
PS 11/105	Tilstandsrapport for grunnskulen i Midsund 2010	2011/572
PS 11/106	Val av representantar til styre, råd, nemnder og utval for valperioden 2011-2012	2011/475
PS 11/107	Myratun – med 8 utleigebustadar – finansiering – husleie-50/238	2010/49
PS 11/108	Budsjett 2012 – Økonomiplan 2012 – 2015	2011/604

Midsund, 07.12.2011

Einar Øien
ordførar

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 11/96 Underskrift

PS 11/97 Godkjenning av protokoll



Saksframlegg

Gebysatsar for feieteneste 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/93	Formannskapet	29.11.2011
11/99	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det fremja forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2012:

For feiing anna kvart år og for tilsyn kvart fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr eks. mva:

- a. vanleg skorsteinsløp (piper) kr. 444,- pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteinar og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats 640,-.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det fremja forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2012:

For feiing anna kvart år og for tilsyn kvart fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr eks. mva:

- a. vanleg skorsteinsløp (piper) kr. 444,- pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteinar og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats 640,-.

Saksutgreiing:

Midsund kommune har i mange år hatt samarbeidsavtale med Molde kommune for å sikre at vi har ei tilfredsstillande feieteneste. Avtalen er basert på dei krav som følgjer av lov om brannvern § 1 h og forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn.

Sjølv om det ikkje vert feia kvart år, skal gebyret vere eit årleg gebyr. Dette på grunn av dei ekstra ressursar utføring av tilsyn medfører. Eit tilsyn er normalt mykje meir tidkrevjande enn ordinær feiing.

Prisen for feiing/tilsyn frå Molde kommune er justert i forhold til pris – og lønsvekst som har vore relativt høg for Molde brann – og redningsavdeling. I tillegg har dei feiarar som har teke fagbrev i 2011 og dermed vil ha krav på høgare minsteløn. Løns og prisveksten vert etter dette på om lag 5,7%, noko som gir ei auke på kr. 16,50 pr. pipe i 2012.

Gebyret for 2011 frå Midsund kommune til abonnentane var kr. 411,50.- pr. pipe.

Pr. 31.12.2010 var abonnentane skyldig Midsund kommune kr. 21 666 ,- som vi må ha inndeckt i 2012. Det betyr at når dette er inndeckt og vi har fått opparbeidd oss eit lite fond vil gebyra gå litt ned, fondet bør vere om lag kr. 30 000,-. Påslag av driftskostnadar i Midsund kjem på om lag kr. 81.365,-.

Midsund kommune har 777 piper som vert feia. Feiegebyret skal dekkje kostnadane til Molde kommune og driftskostnadar ved teknisk som for 2012 kjem på kr. 86 365,-.

Vurdering:

Med bakgrunn i ovannemnde vil eg rå til at følgjande feiegebyr for 2012:

For feiing anna kvart år og for tilsyn kvar fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr eks. mva:

- a. vanleg skorsteinsløp (piper) kr. 444,- pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteinar og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 640,-.

Ketil Ugelvik
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/594-4

Arkiv:

Saksbeh: Oddny Grete Gangstad

Dato: 21.11.2011

Saksframlegg

Gebyr for renovasjon og slamtømming 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/91	Formannskapet	29.11.2011
11/100	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon 2012 og gebyr for slamtømming 2012 vedteke slik det går fram av vedlegg I og II. "*Gebyrsatsar for renovasjon 2012*" og "*Gebyrsatsar for slamtømming 2012*"

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Med heimel i forureiningslova § 34, blir gebyr for renovasjon 2012 og gebyr for slamtømming 2012 vedteke slik det går fram av vedlegg I og II. "*Gebyrsatsar for renovasjon 2012*" og "*Gebyrsatsar for slamtømming 2012*"

Saksutgreiing:

Renovasjon:

Midsund kommune skal etter abonnemenstala for renovasjon betale om lag 2,542 600 mill. kroner i driftstilskot til RIR i 2012.

Eit standard RIR abonnement kostar kr. 2 922,-. Dette er ei stigning på 3 % frå 2011 til 2012.

Gjennom eit år blir det ein del endringar av abonnement. Desse kostnadane får vi som ekstra faktura frå RIR på slutten av året og ligg vanlegvis på bortimot kr. 100 000,- inkl. mva. Tidlegare år har vi ikkje teke høgde for desse kostnadane i budsjettet, men for 2012 og vidare vil vi legge inn eit omtrentleg beløp for å sleppe underskot.

Påslag av driftskostnadar i Midsund kjem på om lag kr. 133 000,-. Det vil sei at prisen for eit standard renovasjonsabonnement i Midsund kommune vert. kr. 3 217,-.

Slamtømming:

Når det gjeld slamtømming vert ikkje prisane auka frå RIR for 2012. RIR endrar sitt faktureringsprinsipp slik at ei omlegging skal redusere kostnadane for dei små tankane og auke kostnadane for dei store tankane, for Midsund kommune vil det sei dei kommunale tankane. I tillegg kjem påslag av driftskostnader kr. 113 945,- som vert fordelt med kronepåslag pr. tank.

Vi har tidlegare år opparbeidd oss eit underskot innafor slamtømming på kr. 403 375,- pr. 31.12.10, som slam er skyldig Midsund kommune. For å betale tilbake dette lånet må ein auke slamgebyret.

Slamavskiljaren blir tømt anna kvart år og rekninga blir betalt over to år.

Eit år blir slamavskiljarane på Otrøya tømt og neste år er det Midøya med få abonnentar.

For å takle desse svingingane må ein først betale lånet til Midsund kommune og dernest opparbeide eit fond. Når ein har betalt tilbake lånet til Midsund kommune og opparbeida eit fond som taklar desse svingingane blir slamgebyret justert ned til vanleg storleik.

For 2011 var slamtømmingsgebyret for ein vanleg tank på inntil 6m³ kr. 1 172,-.

Det vil sei at årsgebyret i Midsund kommune for å tømme ein vanleg tank på inntil 6m³ vert kr.1 299,- for 2012.

Vurdering:

Etter auken i driftstilskotet frå RIR legg rådmannen fram forslag om å auke eit standard abonnement renovasjon til kr. 3 217,- inkl. driftskostnadar.

Etter prisen frå RIR legg rådmannen fram forslag til årlege gebyrsatsar for slamtømming på kr 1 299,- for tankar inntil 6m³, inkl. driftskostnadar og inndekninga av underskot.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som følgje av auka forslegne gebyrsatsar for slamtømming vil Midsund kommune få dekt inn ein del av det opparbeidde underskotet. Det vert ingen administrative konsekvensar.

Ketil Ugelvik
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Vedlegg I Gebyr for renovasjon 2012
Vedlegg II Gebyr for slamtømming 2012
Vedlegg III Gebyr for renovasjon 2011
Vedlegg IV Gebyr for slamtømming 2011

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga
Teknisk v/saksbehandlar
RIR



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/598-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 21.11.2011

Saksframlegg

Gebyrregulativ for vatn og avløp 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/92	Formannskapet	29.11.2011
11/101	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir Gebyrregulativ for vatn og avløp 2012 vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 29.11.2011

Odd Helge Gangstad (SP) ber om at oversendingsforslaget vedteke i K.sak 10/82 i møte 16.12.2010, blir lagt fram som sak til kommunestyret.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir Gebyrregulativ for vatn og avløp 2012 vedteke slik det ligg føre.

Saksutgreiing:

Gebyret for vatn og avløp (VA) blei nedsett i 2008 og auka i åra etter.
Manglende inndekning skulle takast frå avsette bundne fond for vatn og avløp.

VA fond pr. 31.12.10

Tekst/år	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Sum pr. 31.12.09
Vatn	-273 807	-322 762	-137 156	92 000	228 621	116 828	-440 949
Avløp	-389 002	-196 940	-348 523	24 000	515 297	-92 548	-680 962

Vurdering:

Teknisk saman med økonomi har gått igjennom henførbare kostnader, og tatt dei med.
Justert til eit akseptabelt nivå.

Vatn:

Det er lagt inn med bruk av fond i 2012 med kr 50.000

Dette gjev ein abonnementspris på kr. 1715,- og variabel pris på 6,06 kr/m³.

(2007 var abonnementsprisen på kr. 1623 og variabel pris på 8,33 kr/m³).

Vatn - økonomiplan 2012 - 2015

21.11.11

Grunnlag for fastsetting av vassgebyr 2012

Alle beløp i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Investeringar						
Investering i nye anlegg	160	600	650	300	200	100
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	160	600	650	300	200	100
Kostnader						
Indirekte henf. Kostnader	297	301	193	193	193	193
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	875	757	975	975	975	975
Sum kapitalkostnader	374	385	419	461	454	473
Brutto årskostnader	1 546	1 443	1 587	1 629	1 622	1 641
Sjølvkostberekning	1 525	1 443	1 587	1 629	1 622	1 641
Inntekter						
Årsgebyr	1 253	1 291	1 473	1 516	1 509	1 527
Tilknytingsgebyr	146	50	63	63	63	63
Sum gebyrinntekter	1 399	1 341	1 536	1 579	1 572	1 590
Andre inntekter	21	0	0	0	0	0
Sum inntekter	1 420	1 341	1 536	1 579	1 572	1 590
Sjølvkostfond						
Fond pr. 01.01	558	441	341	291	241	191
Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	-117	-100	-50	-50	-50	-50
Sjølvkostfond etter årets endring	441	341	291	241	191	141
Renteberekning sjølvkostfond						
Saldo sjølvkostfond	441	341	291	241	191	141
Dekningsgrad avløpsgebyr	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsgebyr - satsar						
Mengdevariabelt gebyr kr/m ³	5,16	5,31	6,06	6,24	6,43	6,62
Abonnementsgebyr bustad kr/ år	1 616	1 665	1 715	1 766	1 819	1 873

2007 var abonnementsprisen på kr. 1623 og variabel pris på kr. 8,33 kr/m³

Sjølvkostbudsjettet viser at vassprisen må aukast svakt i åra framover alt etter kor mykje ein investerer jfr. tabell

Grunnen til auken:

- Auka investeringar
- Forandring i avsetning/bruk av fond
- Del av innføring av beredskapsvakt.

Behandla avvik i 2011 – vaktberedskap.

Drikkevannforskrifta

§ 11. Leveringssikkerhet og beredskap

Vannverkseier skal gjennomføre nødvendige tiltak og utarbeide driftsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder av drikkevann under normale forhold.

Vannverkseier skal gjennomføre nødvendige beredskapsforberedelser og utarbeide beredskapsplaner jf. lov av 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap og forskrift av 23. juli 2001 nr. 881 om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid, for å sikre levering av tilstrekkelige mengder drikkevann også under kriser og katastrofer i fredstid, og ved krig.

Det er vassverkeigar ved Midsund kommune som skal stette dei gjeldande krav. Mattilsynet er eit kontrollerande organ som har revisjon av vassverkdrifta til eigar.

I 2011 hadde Midsund vassverk revisjon av vassverket. Under revisjonen den 06.06.11 blei det meldt om eit avvik og ei anmerking.

Mattilsynet kom med pålegg den 05.07.11 etter revisjonen av Midsund vassverk den 06.06.11 om å innføre vaktordning. Avviket blei lukka i veke 25. Stadfesting frå Mattilsynet at avviket var lukka den 03.10.11.

Ut i frå nemnde faktorar blir det ein auke frå 2011 til 2012 på 14 %

Avløp:

Bruk av fond i 2011 er sett til kr. 100.000,-

Abonnementsprisen er sett til kr. 1999 og den variable prisen er sett til på 9,45 kr/m³.

(2007 var abonnementsprisen på kr. 1803 og variabel pris på 11,20 kr/m³).

Avløp - økonomiplan 2012 - 2015

18.10.11

Grunnlag for fastsetting av avløpsgebyr 2012

Alle beløp i 1000 kr	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Investeringar						
Investering i nye anlegg	1190	2000	1600	1100	1100	100
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	1190	2000	1600	1100	1100	100
Kostnader						
Indirekte henforb. kostnader	347	350	258	258	258	258
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	319	748	904	905	904	904
Sum kapitalkostnader	377	462	667	778	838	930
Brutto årskostnader	1 043	1 560	1 829	1 941	2 000	2 092
Sjølvkostberekning	1 043	1 560	1 829	1 941	2 000	2 092
Inntekter						
Årsgebyr	977	1 360	1 659	1 772	1 830	1 922
Tilknytingsgebyr	138	100	70	70	70	70
Sum gebyrinntekter	1 115	1 460	1 729	1 842	1 900	1 992
Andre inntekter	21					
Sum inntekter	1 136	1 460	1 729	1 842	1 900	1 992
Sjølvkostfond						
Fond pr 01.01	588	681	581	481	381	281
Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	93	-100	-100	-100	-100	-100
Sjølvkostfond etter årets endring	681	581	481	381	281	181
Renteberekning sjølvkostfond						
Saldo sjølvkostfond	681	581	481	381	281	181
Dekningsgrad avløpsgebyr	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsgebyr - satsar						
Mengdevariabelt gebyr kr/m ³	6,05	8,29	9,45	9,92	10,42	10,94
Abonnementsgebyr bustad kr/ år	1 884	1 941	1 999	2 059	2 120	2 184

2007 var abonnementsprisen på kr. 1803 og variabel pris på kr. 11,20 kr/m³

Sjølvkostbudsjettet viser at avløpsgebyret må aukast i åra framover alt etter kor mykje ein investerer jfr. Tabell

Grunnen til auken:

- Auka investeringar
- Del av innføring av beredskapsvakt.
- Forandring i avsetning/bruk av fond
- Auke i kommunale slamavskillar gjev større utgifter for tømning.

Ut i frå nemnde faktorar blir det ein auke frå 2011 til 2012 på 18 %.

For vatn og avløp

Tidlegare har det ikkje vore rekna renter av inntekter på bundne fond, frå og med 2008 blir renteinntektene lagt til fondet. Dette er ein del av sjølvkostrekneskapen. Fonda skal minkast til eit akseptabelt nivå kr. 100.000 - 300.000.

I framtida ligg det størst økonomiske utfordringar innafor avløp, sidan det er fleire store avløp som går rett i sjøen utan reinsing. Det er bla. Bøen, Skulekloakken, Rakvågen og Drynjasundvågen.

Tilknytingsgebyret er ikkje auka.

Leige av vassmålar blir auka frå kr. 220 til kr. 240 pr år.

Oversendingsforslag frå K – sak : 10/82 av 16.12.11

Midsund kommunestyre vil be rådmannen gå gjennom erfaringa med den nye ordninga for utbygging av vatn og avløp i bustadfelt m.v. særleg kva betydning val av prinsipp får for prisane på desse tenestene framover. Kommunestyret skal med grunnlag i saka kunne ta stilling til om gjeldande system skal vidareførast, eller om vi skal gå tilbake til ordninga med refusjonar for feltinterne utgifter.

Dessverre har rådmannen ikkje fått tid til å arbeide med dette.

Konklusjon

Foreslår at vedlagt Gebyrregulativ for vatn og avløp i 2012 blir vedteke slik det ligg før. Sjå vedlagt Gebyrregulativ for VA 2012.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

VA har eige rekneskap.


Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ for 2012

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/593-1

Arkiv:

Saksbeh: Sissel Birgitte
Henriksen

Dato: 18.11.2011

Saksframlegg

Betalingssatsar for skulefritidsordninga 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/90	Formannskapet	29.11.2011
11/2	Oppvekst- og kulturutval	13.12.2011
11/102	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Betalingssatsar for skulefritidsordninga 2012, vert vidareført jf. gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Betalingssatsar for skulefritidsordninga 2012, vert vidareført jf. gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune.

Saksutgreiing:

I opplæringslova § 13-7 skulefritidsordninga står det:

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid 1-4.trinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7.årstrinn.

Under 4. ledd står det:

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg være leiar. 5.ledd slår fast at

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Etter § 7.1 i Midsund kommunes vedtekter for skulefritidsordninga fastset kommunestyret satsane for kvart år.

Gjeldande skulefritidsordning er i stor grad i vidareføring av tidlegare års ordning.

Innføring av gratis leksehjelp i skulen har skuleåret 2010/11 har ikkje hatt økonomiske konsekvensar for inntekta til SFO gjennom foreldrebetalinga.

Oversikt over alternativ SFO:

Opningstid SFO 07.30-16.30

- A) Før og etter skuletid samt fridag. Pris pr. måned: 1892 kr
- B) Før og etter skuletid 4 skuledagar i veka: Pris pr. måned: 1151 kr
- C) 08.50-14.30 på fridag: Pris pr. måned: 493 kr
- D) 07.30-08.50 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 493 kr
- E) 14.30-16.30 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 658 kr
- F) 07.30-16.30 fridag: Pris pr. måned: 740 kr

Drop in: 60 kr pr. time.

Skal ein drive skulefritidsordninga fullt og heilt gjennom sjølvkost må betalingsssatsane aukast mykje frå dagens nivå. Samstundes må ordninga då innehalde færre valalternativ. Samanlikna med andre kommunar i regionen ligg Midsund prismessig om lag midt på treet, sjølv om ordninga i seg sjølv ikkje fullt ut kan samanliknast mellom den enkelte kommune då organiseringa varierar mykje. Midsund er mellom anna ein av få kommunar som framleis har ein dag fri kvar veke for alle dei fire første årstrinna. I tillegg er antal ulike valalternativ for brukarane ulikt frå kommune til kommune. "Skreddarsydd" tilpassingar er meir kostnadskrevjande enn meir "firkanta" ordningar.

Vurdering:

Rådmannen vurderar at ein våren 2012 held prisane uendra jf. gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ein må rekne med eit underskot på drift av skulefritidsordninga, då det ikkje er samsvar mellom gjeldene betalingsssatsar i vedtekter for foreldrebetaling og faktiske utgifter knytta til SFO ordninga. Estimert underskot er ca 120 000- 130 000,-

Ketil Ugelvik
Rådmann

Sissel Birgitte Henriksen
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedtekter datert 24.02.2011

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Raknes skule v. Rektor

Samarbeidsutval for Raknes skule

Foreldreutval for Raknes skule



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/589-1

Arkiv:

Saksbeh: Sissel Birgitte
Henriksen

Dato: 17.11.2011

Saksframlegg

Spelemidler 2011 - rullering av handlingsplan i kommunestyret God helse del idrett og fysisk aktivitet

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/89	Formannskapet	29.11.2011
11/18	Eldrerådet	05.12.2011
11/13	Kommunalt råd for funksjonshemma	05.12.2011
	Midsund Friluftsråd	
11/13	Ungdomsrådet	12.12.2011
11/103	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Prioritert rullert handlingsplan 2011, kommunedelplan God helse, delplan idrett og fysisk aktivitet:

1. Natursti rundt Holsvatnet i regi av MJFF avd Midsund
2. Elektroniske skytarskiver Rakvåg Skyttarlag
3. Skiltplan Midsund Friluftsråd
4. Tursti Ålesundshauan/ Kvalvika
5. Tursti Sandane, Hamneneset
6. Sekretariat/tidtakarbu på Midsund stadion
7. Vaskeplass framom nytt idrettsbygg. Midsund IL

Behandling i Formannskapet - 29.11.2011

Frits Inge Godø (V) fremma følgende forslag til endring i prioritert liste:

- ”4. Tursti Sandane, Hamneneset
5. Tursti Ålesundshauan/Kvalvika”

Rådmannen si tilråding med forslag fremma i møtet til endring i prioritert liste vart samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Prioritert rullert handlingsplan 2011, kommunedelplan God helse, delplan idrett og fysisk aktivitet:

1. Natursti rundt Holsvatnet i regi av MJFF avd Midsund
2. Elektroniske skytarskiver Rakvåg Skyttarlag
3. Skiltplan Midsund Friluftsråd
4. Tursti Sandane, Hamneneset
5. Tursti Ålesundshauan/ Kvalvika
6. Sekretariat/tidtakarbu på Midsund stadion
7. Vaskeplass framom nytt idrettsbygg. Midsund IL

Behandling i Eldrerådet - 05.12.2011

Eldrerådet hadde ikkje kommentar til tilrådinga. Det vart fremma følgjande forslag i tillegg: Eldrerådet ønsker at det blir satt ut benker på Ålesundshauan og på Sandane.

Vedtak i Eldrerådet - 05.12.2011

Eldrerådet slutta seg til formannskapet si tilråding med følgjande tillegg: Eldrerådet ønsker at det blir satt ut benker på Ålesundshauan og på Sandane.

Samrøystes tilråding i Kommunalt råd for funksjonshemma - 05.12.2011

Rådet for funksjonshemma hadde ingen kommentarar og sluttar seg samrøystes til formannskapet si tilråding.

Saksutgreiing:

For tildeling av statlege midlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv krev staten at kommunane har ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv, med eit handlingsprogram som årleg rullerast og ønska tiltak prioriterast.

I Møre og Romsdal er det no ca 20 % av dei omsøkte tiltaka årleg som det er rammer til å i møtekome. Den kommunale prioriteringa er difor særskilt viktig, og avgjerande for å få tilskot.

I siste fylkesplan er det vedteke at anlegg for eigenaktivitet og friluftsliv skal prioriterast, og særskilt tiltak som stettar born og unge sine behov for eigenorganisert fysisk aktivitet som tiltak i folkehelsearbeidet. Det er sett ei konkret målsetjing om at 10 % av midlane skal gå til friluftsliv i planperioden.

Vurdering:

Innan frist 25.10. 2011 er det fremja 3 spelemiddelsøknader. To fornya søknader og ein ny. I tillegg arbeider Midsund Friluftsråd med eit skilttiltak som går regionalt i regi av Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal.

Raknes omegn vel arbeider med turstiprosjekt Ålesundshauan – Kvalvika. Fornya søknad inne.

Turstiprosjekt på Sandan, Hamneneset er og i gang. Dette prosjektet er ikkje ferdigstilt.

Rakvåg skyttarlag har fornya søknad inne, dette gjeld ombygging av skytebane til elektronikk.

Noregs jeger og fiskeforening avd. Midsund ønskjer støtte til å lage ein tursti rundt Holsvatnet m. 5 rasteplassar og 2 fiskebryggjer. Heile anlegget planleggjast tilrettelagt for rørslehemma og tilpassa universell utforming. Dette er eit anlegg som er sterkast i tråd med fylkesplan, nasjonale føringar for bruk av spelemidlane. Prosjektet er i gang, ikkje ferdigstilt.

Midsund Friluftsråd arbeider med ein skiltplan for turistar og friluftslivanlegg i Midsund i samarbeid med Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal. Dette er og eit sterkt ønska tiltak lokalt, både for fastbuande og tilreisande. Prosjektet er i gang, ikkje ferdigstilt.

Midsund IL ønskjer støtte til desse 2 prosjekta;

Bygge sekretariat/ tidtakarbu på Midsund stadion ved målgang vaskeplass framom nytt idrettsbygg

Dette er 2 nye prosjekt. 1 søknad inne så langt.

Forenkla søknadar kan sendast inn heile året, etter gjeldande føresegn om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Andre søknadar vert handsama etter gjeldande fristar. Viser her og til gjeldande føresegner om tilskot for idrett og fysisk aktivitet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen for kommuneorganisasjonen, anna enn større trykk på teknisk avdeling i form av fleire byggetiltak.

Ketil Ugelvik
rådmann

Sissel Birgitte Henriksen
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Spelemiddelsøknader 2012

Kommunedelplan God helse, handlingsplan idrett og fysisk aktivitet

Særutskrift går til:

Midsund IL, Kåre Bjørnerem

Rakvåg skyttarlag, Ole Ståle Sandnes

Raknes og omeng vel, Ingebjørn Orvik

Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal, 6631 Batnefjordsøra

Midsund kommune, tekniske tenester



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/309-12
Arkiv: 233
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 23.11.2011

Saksframlegg

Temaplan for klima og energi Midsund kommune 2012-2017

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/88	Formannskapet	29.11.2011
11/104	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune godkjenner Energi- og klimaplan 2012 – 2017.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

Midsund kommune godkjenner Energi- og klimaplan 2012 – 2017.

Saksutgreiing:

Planutvalet vedtok oppstart av kommunedelplan for klima og energi i utvalsak 10/38, datert 15.7.2010. I samsvar til nye statlege planretningslinjer for energi- og klimaplanlegging, er kommunane forplikta til å utarbeide ein Energi- og klimaplan.

Enova har gjennom støtteprogrammet ”Kommunal energi- og klimaplanlegging” hatt ei målsetjing om å hjelpe norske kommunar i gang med planarbeidet. Totalramma på arbeidet er kr. 150.000,-. Konsulentarbeid på kr. 100.000, og eigen arbeid på kr. 50.000,-.

Enova opplyser at 31.12.2011 er siste frist for innrapportering av ferdigstilt plan for å få utbetalt tilskot på kr. 100.000,-.

Planen er utarbeidd i samarbeid med konsulentfirmaet Energuide AS.

Vurdering:

I ettertid har planstatus blitt endra frå kommunedelplan til temaplan, då det ikkje er utarbeidd t.d planprogram. Jfr. brev frå Møre og Romsdal fylke av 20.8.2010.

Grunna lite tilgjengelege ressursar i administrasjonen, har Teknisk slutført planen i løpet av kort tid.

For å halde fristane for utbetaling av tilskudd frå Enova, er planen ikkje sendt på høyring. Det er heller ikkje vore involvering av andre partar i kommunen, som t.d. næringsliv.

I planen er det føreslått ulike mål og tiltak som krev både menneskelege og økonomiske ressursar for å oppfylle. Det ligg også i planen at den skal evaluerast kvart år ved budsjettarbeid. Rådmannen ønskjer å vedta planen no, og gjere ei ny vurdering av tiltaka om 1 år.

Rådmannen rår til at energi- og klimaplan for 2012 - 2017 vert vedteke slik den ligg føre.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen for å lage plana. Økonomi for å gjennomføre plana må takast i budsjettarbeidet.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Energi- og klimaplan 2012 – 2017.
Svar på oppstartsmelding frå Møre og Romsdal fylke av 20.08.2010

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Teknisk



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/572-1
Arkiv: A20
Saksbeh: Sissel Birgitte
Henriksen
Dato: 09.11.2011

Saksframlegg

Tilstandsrapport for grunnskulen i Midsund 2010

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/3	Oppvekst- og kulturutval	13.12.2011
11/105	Kommunestyret	15.12.2011

Rådmannen si tilråding:

1. Tilstandsrapporten drøftast av kommunestyret
2. Kommunestyret tek rapporten til vitande

Bakgrunn:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Rapporten skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret.

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstand i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet. Jf opplæringslova § 13-10 andre ledd. Kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Utgreiing:

Utdanningsdirektoratet har bestemt hovudområde og indikatorar på førehand. Direktoratet oppmodar og til å setje lokale mål for alle indikatorar. Situasjonen utifrå indikatorane skal ein vurdere og seie noko om oppfølginga av dei.

Midsund kommune manglar lokale mål for grunnskulen.

Hovudtillitsvald og rektorane har fått kome med innspel til hovudområda og indikatorane.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Rapporten syner at ressursbruken i grunnskulen i Midsund er på eit relativt lavt nivå samanlikna med andre kommunar i Romsdal. Ressursbruken ligger under gj.snitt for Møre og Romsdal, og omtrent på gj.snitt på nasjonalt nivå. Stram økonomi, har gjeve utslag i relativt store elevgrupper og lav lærartettleik. Andel av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning er aukande.

Rapporten synleggjer utfordringar når det gjeld fagleg/ systematisk oppfølging av grunnskuleområdet.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Sissel Birgitte Henriksen
Rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Tilstandsrapport for grunnskulen i Midsund

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

- Skulane i Midsund kommune
- Møre & Romsdal fylke, Utdanningsavdelinga



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2011/475-19
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 07.12.2011

Saksframlegg

Val av representantar til styre, råd, nemnder og utval for valperioden 2011-2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/106	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Ordføraren og gruppeleiarane i Midsund kommunestyre hadde møte den 06.12.2011 og legg med dette fram forslag til val av styre, råd, nemnder og utval for valperioden.

Ketil Ugelvik
rådmann

Vedlegg (prenta): Forslag frå valnemnda



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/49-15
Arkiv: 250
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 17.11.2011

Saksframlegg

Myratun - med 8 utleigebustadar - finansiering – husleige - 50/238

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/87	Formannskapet	29.11.2011
11/12	Kommunalt råd for funksjonshemma	05.12.2011
11/107	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

Bygging av Myratun vert ikkje realisert.

Behandling i Formannskapet - 29.11.2011

Einar Øien (Frp) fremma følgjende forslag:

- ”1. Byggeprosjekt Myratun skal ikkje realiserast i sin noverande form.
2. Det byggast 7 bueningar + fellesrom/personalbase.

All investering føreset at husleigeinntektene frå brukarane finansierer 100% av kostnadene til nybygg. Inkludert i det er og drift-, finans- og vedlikehaldskostnader.

Votering:

Forslag fremma i møtet vart samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

1. Byggeprosjekt Myratun skal ikkje realiserast i sin noverande form.
2. Det byggast 7 bueningar + fellesrom/personalbase.

All investering føresettt at husleigeinntektene frå brukarane finansierer 100% av kostnadene til nybygg. Inkludert i det er og drift-, finans- og vedlikehaldskostnader.

Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 05.12.2011

Atle Tangen fremma følgjande forslag til tillegg:

”Rådet for funksjonshemma ønskjer å delta frå oppstart i planprosessen for bygging av Myratun.”

Formannskapet si tilråding med tillegg av forslag fremma i møte, samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 05.12.2011

Rådet for funksjonshemma slutta seg samrøystes til formannskapet si tilråding med følgjande tillegg:

Rådet for funksjonshemma ønskjer å delta frå oppstart i planprosessen for bygging av Myratun.

Saksutgreiing

Viser til tidlegare vedtak: K sak – 10/8 ”Ny PU bustad – finansiering – kalkulert husleige” av 25.02.2010 og K sak 11/18 ”Ny bestilling av tal på bustadar i Myratun” av 24.02.2011.

Midsund kommune har hatt ute anbod i samsvar med tidlegare teikningar og vedtak. Anbudsforma er hovudanbod med våre teikningar, samt spesifisert og masserekna tilbodsform. Prosjektkostnad er kr. 22.720.000. Det som ikkje er med er utvendig plantning. Hovudentreprenør er Blø Bygg AS.

Tabell 1 - Bygget består av:

Bustad	Areal m2 - BRA
Leilighet 1	70
Leilighet 2	60
Leilighet 3	56
Leilighet 4	56
Leilighet 5	56
Leilighet 6	56
Leilighet 7	56
Leilighet 8	56
Personalbase	67
Fellesareal (blir fordelt på 8)	48
Totalt areal	581

I tillegg kjem uteboder og carport.

Kalkulasjonskostnader.

Tabell 2 - Kalkulasjon anleggskostnad

POST	Budsjett- forslag	Pr m2	Pr m2 fordelt kun på areal bolig og base
------	----------------------	-------	--

0 MARGINER OG RESERVER	795 000	1 006	1 368
ENTREPRISEKOSTNAD (SUM 1-7)	13 751 000	17 406	23 668
8)GENERELLE KOSTNADER	1 520 000	1 924	2 616
81)Arkitekt og konsulenter inkl PGL	500 000	633	861
83)Prosjekt-/byggeledelse	600 000	759	1 033
83)Byggherrens adm.	100 000	127	172
84)Kopiering, bikostnader	100 000	127	172
85)Forsikringer, gebyrer	120 000	152	207
89)Div generelle kostnader	100 000	127	172
BYGGEKOSTNADER (SUM 1-8)	15 271 000	19 330	26 284
9)SPEIELLE KOSTNADER	6 579 000	8 328	11 324
91)Inventar og utstyr	200 000	253	344
91)Telefoni og data/nettverksutstyr	75 000	19	26
92)Tomt inkl. delingskostnader	320 000	405	551
Arkeologiske undersøkelser	0	0	0
Historiske kostnader pr april 2011	713 000	903	1 227
93)Finanskostnader (5% byggelånsrente)	670 000	848	1 153
Lønns- og prisstigning (2,5 %)	300 000	380	516
95)25 % merverdiavgift	4 326 000	5 457	7 420
99)Diverse spesielle kostnader	50 000	63	86
PROSJEKTKOSTNAD INKL. MVA (SUM 0-9)	22 720 000	28 665	38 976
PROSJEKTKOSTNAD EKSKL. MVA (SUM 0-9)	18 394 000	23 208	31 556

Simulert tilskotsutmåling på 30 % av anleggskostnadane , maks pr leilegheit er kr. 666.600 innafor ein maksimal anleggskostnad på kr. 2.222.000. Totalt simulert tilskotsutmåling kr. 5.332.800. Eksakt tilskot får ein vite når prosjektet er ferdigbehandla i kommunen slik at vi kan sende inn korrigert søknad. Etter veiledaren for omsorgsbustadar er det berre bustadane som får tilskot. Fellesareal og personalbase skal vere ein del av konseptet. Dersom det er betent heile døgnet, blir det rekna som omsorgsbustad. Etter vår meining må det vere heildøgnsdrift som skal leggjast til grunn ved tilskotsberekning, slik at tilskotsbeløpet blir kr 5.332.800.

Vurdering:

Gjennom anbudsrunder har ein kvalitetssikra dei ulike kostnadene gjennom fleire rundar. Prisen på samlokaliseringa er høgare enn budsjettet. Prosjektet kjem ut med ein snitt kostnad på 2.5 mill kr pr buening. Dette er eit høgt tal når bueningane har ein storleik på 62 m² –71 m².

I budsjett 2010 -/ økonomiplan 2010-2013 er det sett ei brutto investeringsramme på kr 10.000.000,-. I K – sak 10/8 den 25.02.2010 blei vedteke ramme kr.11.750.000, tilskot kr. 2.088.000, gjev ei nettoramme på kr. 9.662.000. Prosjektet hadde då 5 bustadar + personaldel og fellesrom.

I K –sak 11/18 den 24.02.11 vart ny bestilling på 8 bustadar.

Trekkjer ein ut dei 2 frittliggjande bueningane , utgjer det 2.1 mill kr, inkl mva, samstundes som ein misser om lag 1.3 mill kr i tilskot. Då har ein ikkje plass til alle som prosjektet er planlagt og dimensjonert for. Skal ein ta ut noko av prosjektet, kan ein trekkje ut carportane. I

det store biletet utgjer denne summen lite. Elles er det ikkje nokon vesentlege summar ein kan ta vekk for å få ned kostnadene

Husleige/inntekt:

Rådmannen vel å bruke same prinsipp som blei brukt på omsorgsbustadane og utleiebustadar i andre kommunale bygg.

Konklusjon

Rådmannen meiner at husleige etter sjølvkost gjev ei alt for høg husleige for brukarane.

I husleigeberekinga ser rådmannen på maks husleigegrunnlag frå Husbanken for utrekning av bustøtte, som i dag er kr 5.080 for standardbustad og for spesialtilpassa bustad kr 5.333, i tillegg er den oppjustert for å fange opp variasjonar i bustøtteutrekninga til kvar enkelt leigetakar.

Gjennomsnitt bustøtte er ca. kr. 1.700. pr bustad, avhengig av lønn og formue.

Tabell 3 - Rådmannen sitt forslag til husleige.

Bustad	Areal m2 - BRA	Husleie pr mnd	Husleige pr år
Leilighet 1	76	8154	
Leilighet 2	66	7176	
Leilighet 3	62	6741	
Leilighet 4	62	6741	
Leilighet 5	62	6741	
Leilighet 6	62	6741	
Leilighet 7	62	6741	
Leilighet 8	62	6741	
Personalbase	67		
Fellesareal	48 (fordelt på 8)		
Totalt areal	581	55 774	669 291

I dette oppsettet har ein lagt til grunn 100 % husleigeinntekter av leilegheit 1- 8. Dersom bueningar ikkje vert utleigd, misser ein inntekter. Dette er utgifter som kommunen må dekkje og som er eit moment som må tilleggast vekt når sluttvurderinga skal gjerast.

Tabell 4 - Budsjett (teknisk) etter rådmannen sitt forslag.

Tekst/ år	2012	Kommentar
Utgift	1.350.000	Rekneskaps - utgift
Inntekt	- 670 000	Inntekter etter rådmannens forslag.
Sum netto	680.000	

Utgifter/Inntekter teknisk:

Drift og vedlikehaldskostnader til teknisk er kr. 390.000

Husleigeinntekter kr 670 000

Avskrivningar har ikkje resultateffekt, det er det avdrag som har

Finanskostnader

Avdrag over 40 år kr. 370.000
renter med 4 % utgjør kr. 590.000

Dette gir totale årlege utgifter på kr. 1.350.000.
Dette gir eit netto kostnad for kommunen på om lag kr. 680.000

Vala Midsund kommune står att med er:

- a. Byggingprosjektet skal ikkje realiserast.
- b. Byggingprosjektet skal realiserast, og Midsund kommune dekker kostnadene som ikkje vert dekt av husleige til bebuarane.
- c. Byggingprosjektet vert realisert med redusert utbygging (6 bueiningar)

Økonomi byggingprosjekt

I budsjettet er det avsett kr. 11.750.000 - 2.000.000 i tilskot som gir ei netto ramme på kr. 9.750.000.

For å kunne gjennomføre byggingprosjektet slik det ligg i dag er det ei underdekning på:

Tekst	Budsjett kr.	Revidert budsjett kr.
Utgifter	11.750.000	22.720.000
Tilskot	- 2.000.000	- 5.332.800
Momskompensasjon 60%		2.600.000
Sum netto budsjett	9.750.000	14.787.200

Driftsmessige konsekvensar:

I K-sak 07/45 har ein lagt til grunn at samlokalisering skal gi innsparing på 2.5 årsverk i forhold til driftsopplegget pr juni 2007.

I dag er det snakk om innsparing på 4 dagvakter noko som vil gi reduserte lønnskostnader på kr 350.000. Ein legg vidare til grunn 1 aktiv nattevakt som dagens opplegg. Dersom ein vel å ikkje bygging prosjektet, må ein finne alternative løysingar.

Ser ein denne innsparinga opp mot utgiftene på kr 680.000, vert rekninga til kommunen på kroner 330.000.

Rådmannen rår til at ein vidarefører dagens driftsmodell.

Av ulike grunnar har denne saka trekt ut i tid og det er beklageleg både for brukarane og dei tilsette.

Bueiningane har ein storleik på 62 m2 for dei minste og 76 m2 for den største. Ein gjennomsnittleg brutto kostnad på kr 2.5 mill er høg.
Prosjektet medfører så høge kostnader at kommunen må betale delar av rekninga.

Innsparingspotensiale er mindre enn utgiftene som kommunen sit att med. Rådmannen stiller og spørsmål om lokaliseringa av prosjektet er rett. Med dei økonomiske utsiktene vi har må vi i sterkare grad legge vekt på effektivisering, fleksibilitet og samkjøring.

Rådmannen har vanskar å sjå kvar vi skal hente desse midlane frå. Budsjettet for 2012 medfører harde og til dels dramatiske kutt på mange tenesteområde. Med det som bakteppe og det faktum at vi er på Robeklista, kan eg ikkje råde til at prosjektet vert realisert.

Dette medfører at det må påreknast oppussing av "Lønn".

Økonomiske/administrative konsekvensar:

Vidareføring av dagens driftsmodell medfører at vi må pusse opp Lønn.

Ingen vesentlege administrative konsekvensar

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/604-1
Arkiv: 150
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 24.11.2011

Saksframlegg

Budsjett 2012 - Økonomiplan 2012 - 2015

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/95	Formannskapet	29.11.2011
11/17	Eldrerådet	05.12.2011
11/11	Kommunalt råd for funksjonshemma	05.12.2011
11/4	Oppvekst- og kulturutval	13.12.2011
	Helse- og omsorgsutval	
11/14	Ungdomsrådet	12.12.2011
11/108	Kommunestyret	15.12.2011

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015 i samsvar med framlegg frå formannskapet.
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen. Rådmannen får fullmakt til budsjettendringar mellom einingane i kurante saker.
3. Til finansiering av investeringar i 2012 tek Midsund kommune opp lån på 8.7 millionar kroner. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak.
4. Kommunen må utarbeide og vedta forpliktande Plan for økonomiforvaltninga innan utgangen av februar 2012.

Behandling i Formannskapet - 29.11.2011

- Forslag fremma i møtet:

”Det må innarbeidast i budsjett for 2012 og i økonomiplana oppstart av Myratun jamfør vedtak i F. sak 11/87:

2012: kroner 5 mill. og 2013: kroner 10 mill.”

- Forslag fremma i møtet :

”Balansering av økonomiplana:

	2013	2014	2015
Budsjettmessig ubalanse	- 250	- 1 500	- 3 000
Auke/forventa auke i skatt og Ramme	250	1 000	2 000
Reduksjon i avsetning til Disposisjonsfond	0	500	1 000”

- Ordfører Einar Øien (Frp) fremma følgende forslag:

”Formannskapet ber rådmannen fremme ei sak om nedlegging av Nord-Heggdal barnehage, der alle konsekvenser blir utreda.”

- Det vart fremma følgende forslag til endring i pkt. 3 i tilråding (viser til vedtak i F. sak 11/87):

”.....tek Midsund kommune opp lån på 13,7 millionar kroner.”

Votering:

Tilrådinga pkt. 1	Samrøystes vedteke
Kulepunkt 1.	Forslag fremma i møtet samrøystes vedteke
Kulepunkt 2.	Forslag fremma i møtet samrøystes vedteke
Kulepunkt 3.	Forslag fremma av Einar Øien (Frp) vedteke med 3 mot 2 røyster.
Tilrådinga pkt. 2	Samrøystes vedteke
Tilrådinga pkt. 3	Tilrådinga med forslag til endring fremma i møte samrøystes vedteke
Tilrådinga pkt. 4	Samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 29.11.2011

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015 i samsvar med framlegg frå formannskapet med tillegg av endringar gjort i møtet:

- Det må innarbeidast i budsjett for 2012 og i økonomiplana oppstart av Myratun jamfør vedtak i F. sak 11/87:
2012: kroner 5 mill. og 2013: kroner 10 mill.
- Balansering av økonomiplana:

	2013	2014	2015
Budsjettmessig ubalanse	- 250	- 1 500	- 3 000

Auke/forventa auke i skatt og Ramme	250	1 000	2 000
Reduksjon i avsetning til disposisjonsfond	0	500	1 000

- Formannskapet ber rådmannen fremme ei sak om nedlegging av Nord-Heggdal barnehage, der alle konsekvenser blir utreda
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen. Rådmannen får fullmakt til budsjettendringar mellom einingane i kurante saker.
 3. Til finansiering av investeringar i 2012 tek Midsund kommune opp lån på 13.7 millionar kroner. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak.
 4. Kommunen må utarbeide og vedta forpliktande Plan for økonomiforvaltninga innan utgangen av februar 2012.

Behandling i Eldrerådet - 05.12.2011

Ordfører Einar Øyen og rådmann Ketil Ugelvik orienterte om formannskapet si tilråding .

Vedtak i Eldrerådet - 05.12.2011

Eldrerådet hadde ingen kommentarer, og slutta seg til formannskapet si tilråding.

Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 05.12.2011

Ordfører Einar Øien og rådmann Ketil Ugelvik orienterte om formannskapet si tilråding.

Samrøystes tilråding i Kommunalt råd for funksjonshemma - 05.12.2011

Rådet for funksjonshemma hadde ingen kommentarar og sluttar seg samrøystes til formannskapet si tilråding.

Saksutgreiing:

Kommunestyret skal vedta budsjett etter innstilling frå formannskapet, jfr kommunelova § 44 og 45. Til grunn for denne innstillinga ligg rådmannens skisse til budsjett og økonomiplan.

Rådmannen legg fram forslag til årsbudsjett for 2012 i balanse. Økonomiplanen er ikkje i balanse og syner eit underskot på 0.250 mill kroner i 2013, 1.5 mill kroner i 2014 , 3 millionar kroner i 2015.

Budsjettet er særst stramt. Budsjettprosessen starta i august og einingane skulle leggje fram framskrive budsjett 19. september. Statsbudsjett vart framlagt 6. oktober og føresetnadene der vart lagt til grunn for det vidare budsjettarbeidet. Avstanden innkomne budsjettforslag, basert på tala frå einingane, og inntektene, synte eit gap på formidable 13-14 millionar.

Rådmannen har lagt opp til fleire rundar med kutt og utvida formannskap har hatt to arbeidsmøte der budsjett har vore tema.

Inntektene held ikkje tritt med utgiftene. Mindre rammeoverføringar (færre barn i gruppa 1-5 år, reduksjon i overføringane til grunnskule m.m) enn forventa i vedteken økonomiplan, reduksjon i overføring ressurskrevjande tenester, er delar av forklaringa. Utgiftene aukar – dette gjeld både drifts- og finansutgiftene. Vi har teke i bruk ny barnehage med 4 avdelingar (22 nye plassar).Lånegjelda har auka og er no på 140 mill. Økonomistyringa er ikkje god nok , og vi styrer mot underskot inneverande år. Alt dette er faktorar som forklarar kvifor vi er i det økonomiske uføre vi står oppe i.

I år kom kommunen på Robeklista . Rådmannens skisse til budsjett og økonomiplan legg vekt på at vi må ta det faktum innover oss. Vi må **setje tæring etter næring**. Utgiftene er høgare enn inntektene, og vi slit med inndekking av tidlegare års underskot. Vi har heller ikkje driftsfonds å ta av, og med det ikkje noko å møte uføresette hendingar med.

For å få budsjettet i balanse, **må** det kuttast på lønnsutgiftene. Driftsnivået må reduserast.

I framlegget ligg det kuttforslag som :

- Reduksjon med 6 sjukeheimplassar
- Stillingskutt på mange område; heimebaserte tenester, rådmannens stab, skulane, sjukeheimen, tekniske tenester
- Samanslåing til større grupper/klassar
- Redusert opningstid aktivitetssenter
- Redusert opningstid symjebasseng
- Vurdering av skuleskyssgrenser
- Leirskuletilbodet for 7. klassingane foreslått fjerna.

Rådmannen legg til grunn at ein i budsjettet for 2012 skal ha minst 1 mill kroner udisponert – dette for å møte uføresette hendingar. Denne posten vert foreslått auka med 0.5 mill kroner kvart år i planperioden.

Kommunen har ikkje råd til nye store investeringar og ein har ikkje funne plass til investering i Myratun eller ny skule.

Arbeidet med å effektuere og setje tiltaka ut i livet vil krevje mykje av heile organisasjonen. Det vil stille krav til fleksibilitet og nytenking. Alle nye tiltak må vurderast og økonomiske konsekvensar må tilleggjast spesiell vekt. Budsjettkontrollen må bli betre og rådmannen må halde formannskapet løpande orientert om utviklinga i drifta.

Budsjettet er skjørt og det vil bli sær s krevjande å gjennomføre mange av tiltaka. På fleire tenestoområde er det foreslått til dels dramatiske kutt. Desse kutta vil få følgjer for tenesteproduksjonen og eg er redd det vil merkast på kvaliteten.

Vi må få ein debatt på kva oppgåver vil skal prioritere/drive med og kva oppgåver vi vil nedprioritere.

Framlegget til økonomiplan syner at 2012 ikkje vil vere noko unntaksår, det vert ikkje enklare i dei påfølgjande åra. Tvert om. Då står vi framfor to hovudval ; ytterlegare effektivisering av drifta eller auka inntekter (eigedomsskatt).

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: